

# RETNINGSLINER FOR KOMMUNALE TILSKOTSORDNINGAR TIL KULTUR, IDRETT OG FRILUFTSLIV

## 1. Generelt

Retningslinene er styrande for vurdering av søknadar til områda. Økonomiske rammer vert sett i samband med budsjettarbeidet.

Alver idrettsråd og Alver kulturråd er høyringspart ved tildelingane.

Søknadsfrist er 1. februar og 1. september

## 2. Område

Alver kommune deler ut tilskot til følgjande område:

### Idrett og friluftsliv

Tilskot til drift og aktivitet i idrettslag og friluftorganisasjonar, tilskot til drift og vedlikehald av større ordinære idrettsanlegg i privat eige, tilskot til nærmiljø- og friluftslivsanlegg i privat eige, og tilskot til friluftslivstiltak.

### Musikk

Tilskot til drift av skulekorps og barnekor, tilskot til drift av kor, vaksenkorps og andre musikklag, og tilskot til deltaking i nasjonale og internasjonale konkurransar

### Kunst, scene og kulturformidling

Tilskot til drift av kunst, scene og formidlingsaktivitetar, og tilskot til mindre investeringar ved lokale kulturbygg i privat eige.

### Kulturvern og samlingar

Tilskot til meirkostnadar ved istandsetting av nyare tids kulturminne, og tilskot til prosjekt innan kulturvernarbeid og immateriell kultur.

### Andre kulturaktivitetar

Tilskot til drift til lag og organisasjonar som ikkje fell inn under dei andre ordningane

### Stipend og kulturprosjekt

Kulturstipend, idrettsstipend, tilskot til lokale musikk-, kunst og sceneprojekt

### Kjøpt svar

Behov som oppstår gjennom året som ikkje er del av normal drift og aktivitet

## 3. Prioriteringar

- Barn og unge
- Menneskje med nedsett funksjonsevne
- Tiltak som fremjar inkludering og mangfald
- Tiltak som reduserer konsekvensar av sosial ulikskap
- Tiltak som bidrar til sterke lokalsamfunn
- Tiltak som fremjar samarbeid og kompetanseutveksling
- Utvikling av lokalt kulturliv og kulturell eigenverdi

#### **4. Krav til søkjar**

Tilskot kan gjevast til lag, organisasjonar og einskildpersonar som har sitt virke i Alver kommune. Søkjarar utanfor kommunen kan etter vurdering få tilskot dersom midlane vert øyremerkt verksemd i Alver kommune, og det ikkje finst lag eller aktørar i kommunen som ivaretar denne aktiviteten eller det gjeld verksemd som kjem barn og unge frå Alver til gode

Har ei foreining/organisasjon i kommunen sjølvstendige under-/ særgrupper, vert det berre gitt tilskot etter søknad frå hovudlag.

Det vert ikkje gjeve tilskot til politiske parti, organisasjonar som har som føremål å samla inn midlar til andre organisasjonar, organisasjonar som ikkje er opne for alle i målgruppa, eller kommunale, fylkeskommunale eller statlege institusjonar/anlegg.

Alle som mottek støtte må godta ordning med følgjekort på arrangement.

#### **5. Krav til søknaden**

Søknad skal leverast på gjeldande søknadsskjema. For lag og organisasjonar skal godkjend rekneskap samt årsmelding frå føregåande år og budsjett for inneverande år leggjast ved søknaden.

Ufullstendige søknader, søknader som kjem etter søknadsfristen og søknader som fell utanfor retningslinene for ordninga, vert ikkje handsama. Manglande rapportering eller oppfyljing av kriteria for tidlegare tilskot kan føre til at søknadar vert avvist. Dersom ein søker tilskot frå fleire av ordningane skal det fremjast separate søknader.

#### **6. Retningsliner for tilskotsordningar**

##### **6.1 Idrett og friluftsliv**

*6.1.1 Tilskot til drift og aktivitet i idrettslag og friluftslivorganisasjonar – frist 1. februar*  
Ordninga skal støtte oppunder aktivitet og drift i idrettslag og friluftslivsorganisasjonar. Tildelinga vert basert på medlemstal frå idrettsregisteret. Dersom laget ikkje er registrert sentralt, må dokumentasjon på medlemstal følgje søknad.

*6.1.2 Tilskot til drift og vedlikehald av større ordinære idrettsanlegg i privat eige – frist 1. februar*

Ordninga gjeld større ordinære idrettsanlegg i privat eige, for organisert idrettsleg aktivitet og konkurransar. Tilskota utarbeidast etter framarbeidd vektingsnøkkel og definert anleggsliste. Tilskota skal støtte oppunder heilskapleg anleggsutvikling og sørgje for føreseielege vilkår for idretten

*6.1.3 Tilskot til nærmiljø- og friluftslivsanlegg i privat eige – frist 1. februar*  
Ordninga skal støtte mindre anlegg for eigenorganisert aktivitet og friluftslivsaktivitetar. Ordninga kan gjelde som periodiske satsingar. Ein kan ikkje få tilskot til reine leikeplassar

*6.1.4 Tilskot til friluftslivstiltak - løpande frist*  
Ordninga skal støtte tilrettelegging og utvikling av friluftslivstiltak, og kan gjevast i form av materialar, gjerdeklyv, grunder eller benkar, eller som refusjon av utgifter på delegert vedtak. Det skal liggja føre ein skriftleg avtale med grunneigar der tilrettelegginga skal gjerast. Standard avtale om tilrettelegging og merking av turstiar skal nyttast. Det bør også liggja føre ein avtale om vedlikehald av stien på minst fem år.

## **6.2 Musikk**

6.2.1 *Tilskot til drift av skulekorps og barnekor – frist 1. februar*

6.2.2 *Tilskot til drift av kor, vaksenkorps og andre musikklag – frist 1. februar*

Ordningane skal støtte driftsutgifter som administrasjon, leige av lokale, instruktør og utstyr, og er basert på medlemstal og aktivitet

6.2.3 *Tilskot til deltaking i nasjonale og internasjonale konkurransar for korps og musikklag – frist 1. februar*

Ordninga skal støtte utgifter ved reise og opphald til konkurransar for korps og musikklag i Alver kommune. Barn og unge vert prioritert, eller korps som deltek i høgaste divisjon.

## **6.3 Kunst, scene og kulturformidling**

6.3.1 *Tilskot til drift av kunst, scene og formidlingsaktivitetar – frist 1. februar*

Ordninga skal støtte drift og aktivitetar innan det -frivillige kunst, scene- og kulturformidlingsfeltet.

6.3.2 *Tilskot til mindre investeringar ved lokale kulturbygg i privat eige – frist 1. februar*

Ordninga skal støtte mindre investeringar i kulturbygg og vere med på å sikre eigna lokale for ulik kulturell verksemd i Alver. Tilskot kan gjevast til kulturbygg, fleirbrukslokale, forsamlingslokale eller spesiallokale for kunst og kultur, som scenekunstlokale, øvingslokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. Midlane kan nyttast til vedlikehald, ombygging og modernisering, men ikkje til drift.

Det kan gjevast tilskot til mindre investeringar i og kjøp av utstyr og materiell

## **6.4 Kulturvern og samlingar**

6.4.1 *Tilskot til meirkostnadar ved istandsetting av nyare tids kulturminne i privat eige – frist 1. september*

Ordninga skal bidra til å ta vare på verdifulle og verneverdige bygningar, kulturmiljø og andre typar kulturminne i Alver kommune i privat eige. Kulturminne som er prioriterte i kulturminneplan og verneverdige kulturminne som ligg i omsynssone for kulturminne skal normalt prioriterast.

Restaureringa skal skje i tråd med antikvariske prinsipp og i dialog med kulturminneansvarleg i Alver kommune

6.4.2 *Tilskot til prosjekt innan kulturvernarbeid og immateriell kultur – frist 1.februar og 1. september*

Ordninga skal støtte kulturvernarbeid, samlingar og ivaretaking av lokal immateriell kultur.

## **6.5 Andre kulturaktivitetar**

6.5.1 *Tilskot til drift og aktivitet til lag og organisasjonar som ikkje fell inn under dei andre ordningane – frist 1.februar*

Ordninga skal støtte driftsutgifter som administrasjon, leige av lokale, instruktør og utstyr.

## 6.6 Stipend og kulturprosjekt

### 6.6.1 Kulturstipend – frist 1. februar

Opptil tre kulturstipend skal gå til kunstnarar/kulturutøvarar, som er registrert busett i Alver kommune, har si verksemd herifrå, og som har heile eller delar av si inntekt frå kunstnarisk eller kulturell verksemd. Stipendet skal stimulere til lokal kulturutvikling og lokale kulturopplevingar.

Stipendet skal gå til følgjande tiltak:

- Utvikling av lokalt kulturliv i samarbeid med aktørar frå lokal amatørkultur, som leiar fram til eit ferdig produkt, aktivitet eller framsyning.
- Kunnskapsoverføring mellom profesjonelle aktørar og lokalt amatørkulturliv.
- Eigenutvikling og auking av kompetanse, som kjem det lokale kulturlivet til gode.
- Prosjekt som stimulerer og sikrar overføring av lokal kunnskap og kultur, og immateriell kulturarv.
- Aktuelle uttryksformar er musikk, dans, scenekunst, litteratur, biletkunst, kunsthandverk og film/media.

### 6.6.2 Idrettsstipend – frist 1. februar

Opptil tre idrettsstipend kvart år skal gå til idrettsutøvarar, trenarar, dommarar eller idrettsleiarar som er del av, eller har bakgrunn frå og tilknytning til, idrettslivet i Alver. Stipendet skal støtte høva for å utvikle seg innan idretten, og prioritere søkjarar i aldersgruppa 15 – 26 år.

Stipendet skal gå til følgjande tiltak:

- Eigenutvikling og kompetanseauking.
- Kostnader ved reise eller opphald i samband med trening utanfor kommunegrensene.
- Kostnader ved utstyr eller omfattande individuell reiseverksemd ved nasjonale og internasjonale meisterskap.
- Utvikling av lokalt idrettsliv og etablering av nye aktivitetar.

For begge stipendordningane:

Begge stipendordningane har ei øvre grense på kr 30 000, dersom det ikkje er kvalifiserte søkjarar vert det ikkje tildeling.

Kulturstipenda skal delast ut etter ei vurdering av kunstnarisk innhald, gjennomføringsevne og verdi for det lokale kulturlivet. Søknadar skal innehalde ein plan for tiltaket og bruken av stipendet, CV og døme på tidlegare arbeid.

Idrettsstipenda skal delast ut etter ei vurdering av gjennomføringsevne og dokumenterte prestasjonar dei siste 3 år. Søknaden skal innehalde plan for tiltaket og bruken av idrettsstipenda, dokumentasjon av prestasjonar, CV og skriftleg uttale frå idrettslag og/eller særkrets eller særforbund.

### 6.6.3 Tilskot til lokale musikk-, kunst og sceneprosjekt – frist 1. februar og 1. september

Ordninga skal støtte lydfesting av musikk, kunst- og sceneprosjekt, kunsthandverk, film og animasjon. Søknadar vert basert på prosjektbeskriving.

Ordninga skal støtte prosjekt innan kulturfeltet, opne arrangement og innkjøp av utstyr. Tilskot er behovsprøvd og kan gjevast direkte tilskot eller som underskotsgaranti. Underskotsgaranti til arrangement skal søkjast i forkant, og kan ikkje gå til arrangement som er budsjettert i underskot.

## 6.7 Kjapt svar

Ordninga gjeld nyskapande, kreative mindre prosjekt som oppstår på kort varsel. Det kan tildelast opp til kr 10 000 på delegert vedtak, og søknadsfrist er løpande. Tiltak og prosjekt som er del av fast drift og formål vert ikkje prioritert.

## 7. Kunngjering

Tilskotsordningane vert lyst ut på kommunen sine nettsider, i sosiale media og i annonsar i lokalavisene i god tid før søknadsfristen. Søknadsskjema skal vera tilgjengeleg på kommunen si nettside, og i papirversjon ved servicetorg.

## 8. Sakshandsaming

Størrelsen på innvilga tilskotsbeløp vil bli fastsett utifrå ei skjønnsmessig vurdering og prioritering innanfor den totale søknadsmassen.

Eit prosjekt vil ikkje kunne fullfinansierast av Alver kommune. Eit eventuelt tilskot kan være lågare enn omsøkt beløp og vil sjeldan overstige ca. 30 % av totalbudsjettet for arrangementet eller totale driftsutgifter. Medlemskontingent vert vektlagt positivt. Dette gjeld alle frivillige organisasjonar som søker tilskot innan kulturfeltet.

Forvaltningslovas regler for sakshandsaming ligg til grunn. Alle søknader er offentlege, og dei vil bli behandla i tråd med gjeldande kulturpolitikk for Alver kommune. Søklarar har etter forvaltningslova § 18, jf. § 19 rett til innsyn i dokumenta i saka, og kan også be om grunngjeving for vedtak.

Idrettsrådet og kulturrådet er høyringsorgan. Utval for oppvekst, kunnskap og kultur gjer vedtak etter innstilling frå rådmannen, bortsett frå søknader i ordningane *Kjapt svar* og *Tilskot til friluftstiltak* som har løpande søknadsfristar på delegert vedtak, med grense kr 10 000 for Kjapt svar og kr 50 000 for friluftslivstiltak

## 9. Høve til å klaga

Klagefrist er tre veker frå vedtaket er motteke. Klagen skal sendast til den instansen som har gjort vedtaket. Klagen må grunngjevast. Nærare informasjon om rett til å klaga finst i svarbrevet frå kommunen.

## 10. Rapportering

Arrangement skal gjennomførast i tråd med opplysningar gjeve i søknad. Vesentlege endringar må meldast skriftleg til saksbehandlar for vurdering og godkjenning. Innan 1 måned etter gjennomføring av prosjektet skal det sendast inn rapport og rekneskap som vil bli lagt til grunn for eventuelt seinare løyvingar.

I tilfelle prosjektet ikkje blir gjennomført, skal det likevel leverast rapport. Ny søknad vert ikkje behandla før rapport for tidlegare tildelingar er levert.

Tilskotsmottakarar som i løpet av eit kalenderår samla mottek 50 000 kroner eller meir frå Alver kommune, vil i løpet av hausten få tilsendt eit rapportskjema på e-post der nøkkeltal frå rekneskapet frå føregående år må oppgis innan ein nærmare angitt frist.

## 11. Tilbakebetaling

Om prosjektet blir avlyst, utsett eller vesentleg endra, kan heile eller delar av tilskotet verta kravd tilbakebetalt. Beløpet vil bli kravd inn etter varsel og faktura frå Alver kommune.

## **12. Synleggjering**

Ved promotering av prosjektet på plakatar, i programhefte og i anna kommunikasjonsmateriell, eller ved informasjon om det einskilde produktet, skal det gjerast kjend at arrangementet/prosjektet er støtte av Alver kommune. Dokumentasjon av dette skal leggjast ved rapporten.